


NR. 4. MAI 1987 20. ÅRG.



*Konfirmantar i Ytre Arna 1986.* ***Foto: Wespestad.***

**KONFIRMASJON I ARNA** Sjå side 8-10

# *LIVET VANN*

## *Joh. 1,4*



*Joh. 1,4.*

*«I Han var liv, og livet var ljoset for menneska.»*

*Me er forsona med det at døden får siste ordet. Menneske kan kjempa i årevis mot sjukdom og dødskrefter, men tilsist er det døden som sigrar. Mange har opplevd å stå fattige og ribba ved ei open grav.*

*Idag er det mykje tale om å vera fortruleg med døden og ikkje minst om å forsona seg med tanke på sin eigen død. Døden er ikkje lenger på same måten tabu som for få år sidan. Sjukepleiarar, sosialarbeidarar og lækjarar vert kursa i å kunna vera til hjep for folk som sit i dødens venterom. Humanetikarar og heidningesamfunn gjer krav på same rett og kompetanse som presten før har hatt i sjelesorgsamanheng — også når det gjeld å kunna snakka med menneske om døden.*

*Å forsona seg med døden er ikkje utan vidare av det gode kristeleg vurdert. Det kjem an på kva denne forsoninga inneber. I nyare omtale av døden dreier det seg ofte om ein resignasjon — å gi mot til å sjå i augo at døden må vinna tilslutt og hjelp til å kapitulera når ingen utveg finst.*

*Dette kan vera godt så langt det rekk, men det har ingenting med kristendom å gjera. Rett nok er det så at den truande ofte får frimot i møte med døden. Kristen dødshjelp er likevel noko heilt anna enn mot til å sjå døden i augo. Det er hjelp til å sjå at døden slett ikkje er den sigrande sjølv om det for våre augo ser slik ut! Den som trur veit at døden aldri kan vinna. Han er overvunnen av Jesus. Døden får ikkje siste ordet. Siste ordet vert sagt av Jesus når han ropar dei døde ut or gravene.*

*I han var liv, seier apostelen Johannes. Uttrykket er henta frå juleevangeliet, men det høver like godt ved påsketider. I han var liv og i han er det liv — evig liv for alle som trur på han. Livet vant!*

*Dette er den glade bodskapen til alle som kjenner seg hjelpelause framfor døden. Dette livet som me har i Jesus må få lysa for oss og for alle menneske. Døden er gløypt til siger.*

*Livet vant, dets navn er Jesus.*
*Halleluja.*
*Han var død, men se han lever.*
*Halleluja.*
*Dødens porter åpner han.*
*Halleluja.*
*Viser vei til livets land.*
*Halleluja.*

**Ingvard Hageberg**

## Arna
### Kyrkjelydsskule

Kyrkjelydsskulen har 2 arrangement att dette halvåret. Det er ikkje vanleg kursopplegg, men arrangement av ein litt annan type. Først er det NATURSTI, laurdag 23. mai og deretter truleg båttur til Hosanger torsdag 11. juni.

Nærare program og opplysningar vert utdelt i kyrkjene og ein kan få det ved å kontakta kyrkjekontora. Alle er velkomne til å vera med.

## Eldretur

Onsdag 17. juni reiser Eldretreffen på Flatane, Ytre Arna, på tur. Som vanleg er Knut Vestvik sjåfør og Harald Sundsbø reiseleiar. Turen går denne gongen til Moster.

Nærare opplysningar og påmelding til Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 24 85 46 eller Harald Sundsbø 24 13 25. Også dei som ikkje er med på eldretreffa kan vera med på turen.

## Basar

Nyleg var det basar til inntekt for kyrkjelydshuset i Arna. På basaren kom det inn kr. 15.000,- eit resultat økonominemnda for huset er godt nøgd med.

## Gunstein Draugedalen til Arna

Fredag 8. mai kl. 20.00 vert det konsert i Arna kyrkje med Gunstein Draugedalen og Åsane kyrkjes kammerkor, dirigent Jan Røshol.

## Fin Kyrkjelydsveke i Arna



Georg Genius og Pål Bøe saman med andre kormedlemmer.

Komiteen som stelte i stand Kyrkjelydsveka i Arna kan vera godt nøgde med resultatet. Det var god oppslutnad om alle samlingane, og kyrkja var fullsett fleire gonger den veka.

Her har vi med eit glimt frå laurdagen. Då var ca. 70 born frå fleire kor samla til korseminar kl. 10-16. Etter mykje undervisning på Arna bedehus var det samling i kyrkja kl. 15. der ein kunne høyra litt av resultatet.

## 50-årskonfirmantar 1987.

Vi vil alt no gjere kjent at det vert samling for 50-årskonfirmantane også dette året. I Ytre Arna har dei hatt denne ordninga i fleire år. I Arna var det første gongen sist haust. Desse samlingane vert mottekne med stor begeistring, og det er mange som ser fram til dei med forventning. I år er det altså konfirmantar frå 1937 som vert inviterte og dagen er søndag den 4. oktober i begge kyrkjelydane.

# PÅSKE – SLIK BORN SER DET



SiLJE 2.KL






# Teikningar frå 2. klasse - Ytre Arna Skule

da Jesus sto opp frå dei døde




RUTH



# ÅRSMØTE I ARNA KYRKJELYD



**Nokre av deltakarane på årsmøtet.**

Etter gudstenesta 15. mars var det kalla inn til årsmøte for Arna Kyrkjelyd. Mellom 40 og 50 personar i representativ alderblanding hadde funne vegen til kyrkjestova.

Først vart servert kaffi og kaker. Soknreådsformannen, Leif Grøteide kunne derette gå til opplesing av den fyldige årsmeldinga med rapport frå dei ulike greiner av kyrkjelydsarbeidet.

Året som gjekk hadde vore merkt av store omskiftingar på personalsida. Asbjørn Flåm er tilsett som ny organist og Erik Rodal som ny kateket. Målfrid Sandvik slutta av som kateket i august etter 8 års teneste. Første halvåret hadde ho permisjon, og i den tida vikarierte Martha Sæther, Soknerådet hadde tilsaman hatt 155 saker til handsaming i året som gjekk.

Etterpå var det høve til spørsmål og kommentar. Fleire nattverdsgudstenester vart etterlyste, og soknepresten lova å sjå på saka. Men det vart og peika på at nattverdsgudstenester kunne virka ekskluderande på slike som ikkje hadde frimot til å gå til nattverd. Vidare vart det uttrykt frykt for altfor lange gudstenester dersom det kom både dåp og nattverd i same gudstenesta.

Planarbeidet for kyrkjelydshuset vart kommentert av fleire. Her vart det etterlyst meire informasjon. Eit informasjonsmøte var stilt i utsikt på årsmøte ifjor utan at noko hadde hendt. Soknerådet fekk og kritikk for ikkje å ha lagt dei siste teikningane — som no er godkjende av bygningsrådet — fram for soknemøte til orientering og uttale.

Årsmøtet samla seg i eit vedtak som bad soknerådet om snarast å kalla inn til eit møte der det skulle orienterast om kostnadsoverslag, finansieringsplan og framdriftsplan for huset og med høve til å drøfta teikningane.

Rekneskapen vart lagd fram av Kjartan Hollekve. Den synte at det var gitt kr. 177.264 i offer og kollekt i året som gjekk. Av dette kr. 107.950 til føremål utanfor kyrkjelyden og kr. 69.312 til føremål i kyrkjelyden.

Både årsmelding og rekneskap vitna om orden på sakene og med stor aktivitet og initiativ.



# הללויה

(HEBRAISK = HALLELUJA)




*Da fortalte Jesus dem denne lignelsen: Dersom en av dere eier hundre sauer og mister én, lar han ikke da de nittini være igjen ute i marken og leter etter den som er kommet bort, til han finner den? Og når han finner den, blir han glad og legger den på skuldrene sine. Straks han kommer hjem, kaller han sammen venner og naboer og sier: «Gled dere med meg, for jeg har funnet igjen den sauen som var kommet bort.» Jeg sier dere: På samme måte blir det større glede i himmelen over én synder som vender om, enn over nittini rettferdige som ikke trenger omvendelse.*

Lukas kap. 15. Vers 3.

Denne historien gjentar seg stadig. Det er ikke få organisasjoner og enkeltpersoner som har som oppgave å være på konstant leting etter de bortkomne får iblant oss. Det være seg den forhutlede uteliggeren, det bortrømte gatebarnet, eller nødlidende mennesker i andre verdensdeler.

## Fredsprisen

For noen år siden mente Nobelkomitéen at noen til og med burde få Fredsprisen for dette, og den ble gitt til Mor Theresa, som du husker. I fortellingen om det tapte får, eller den bortkomne sauen, forteller Jesus om den omsorg Gud har for hver eneste en av oss — og at Han aldri slipper selv den usleste av oss av syne.

Og skulle noen komme vekk fra flokken, forlater Han de nittini og leter etter den ene.

Vi nevnte Mor Theresa. Vi kunne også nevne Kirkens Nødhjelp, Redd Barna, Frelsesarméen og en lang rekke andre humanitære organisasjoner.

Ikke sant, du støtter dem når det er jul, TV-innsamlinger og ellers?

## Du er jo enig!

Jamen, da aksepterer du også historien om den bortkomne sauen. Ikke umulig at du aksepterer fortsettelsen av Kapittel 15 hos Lukas, om mynten som ble funnet, den bortkomne sønnen og kapittel 165 om den kloke forvalteren?

Hvis du blar litt i Bibelen en gang i blant, vil du finne mye som handler om ditt liv. Du vil finne ting som du ikke ante sto i Bibelen — og hundre ganger vil du si: Jasså, er det derfra det uttrykket kommer!

Sannsynligvis går du ikke og tenker på dette til daglig.

Vi vil gjerne at du skal gå og tenke på dette til daglig. For å få det til, må du få tak i en bibel — en som det går an å lese. En ny moderne utgave.

## Hva får du ellers for femtini kroner?

I bokhandelen finner du et rikt utvalg. Du får den fra godt under hundre kroner.

*BIBELEN ÅPEN FOR ALLE*

# Konfirmantar i Arna kyrkje

**SØNDAG 3. mai kl. 10.00.**
Arnesen, Kjetil
Bjørndal, John André
Eriksen, Henning Sævig
Fanebust, Terje
Gjerstad, Arild
Godø, David Harald
Haglund, Kenneth
Hansen, Øyvind Kristian
Henriksen, Kenneth
Hoff, Kenneth

Jacobsen, Geir Henning
Jensen, Sturle
Kalsaas, Ørjan Mikal
Klaus en, Ronny
Midttun, Bjørn Arve
Nielsen, Thorbjørn
Såtendal, Helge
Torsvik, Jone

Andersen, Sissel
Bergesen, Margrethe
Birketveit, Elin
Brandal, Kate Elisabeth
Fjeldberg, Siw
Fossdal, Tanja
Haukeland, Elin
Hult, Siren Elisabeth
Hummervoll, Janne
Kleiven, Siril
Meyer, Kristin
Mjelde, Liv Kristi
Nesse, Annike Odveig
Pedesen, Hege Overøie
Reknes, Ann-Kristine
Rongved, Linda
Sundland, Kjersti
Torsvik. Line
Tunestveit, Silja
Vaular, Fiona

---

**SØNDAG 3. mai. kl. 12.15**
Back, Harald
Eikeland, Bjørn Tore
Flatabø, Jan Alfred Velle
Førland, Ronny
Garnes, Jarle
Halstensen, Frank
Herfindal, Jo Henning
Hernes, Terje André
Iden, Ståle
Jakobsen, Rune Holmefjord
Langeland, Martin
Lillefosse, Tore
Ljones, Endre
Mjelde, Hallvard Aardal
Monstad, Sturle Jostein
Nesse, Stian
Nævdal, Jarle
Nævdal, Magne
Næss, Rune
Opedal, Trond
Pedersen, Knut Ørjan

Reigstad, Ronny
Rødland, Kenneth
Sivertsen, Svein-Åge
Steine, Frode
Straume, Ingvald
Voldsund, Jan Erik

Almelid, Gunnlaug
Borge, Anita
Borge, Therese
Borge, Trude
Børve, Mette
Dale, Astrid Elisabeth
Hauge, Kari
Hauge, Lene
Hauge, Solveig
Hermansen, Signe
Kippersund, Irene
Mjøs, Karianne
Morken, Jeanette
Sivertsen, Kate Merethe
Unneland, Jill Grinde
Venheim, Irene

---

**SØNDAG 10. mai. kl. 10.00**
Bjørke, Alf Rune Hopsdal
Bolstad, Jan Rune
Eidhammer, Frode
Gustavsen, Gisle
Konglevoll, Aage
Luneng, Morten
Nesse, Jan Thore

Nygård, Kristian
Sedvartsen, Sverre
Svanevik, Jan Atle
Søderholm, Jan Erik
Tvedt, Bjarte Thorbjørnsen
Ytrearne, Stian
Ødemark, Tor

Berg, Renate
Bjørke, Hege Merethe Hopsdal
Brudvik, Trude Gill
Bugge, Anne Gry
Børdal, Cathrine
Eide, Laila
Espeseth, Gro
Espevoll, Hilde
Cenius, Kristin
Gjellesvik, Signy Lyngsgård

Harzhofer, Linda Veronica
Løvskar, Siren
Moldekleiv, Anne Birthe
Myhren, Vibeke
Nordbø, Janne
Sjursæther, Kari
Solvang, Marianne
Taule, Rebekka
Trettnes, Ingunn Aaaland
Ullensvang, Hege

---

**SØNDAG 10. mai. kl. 12.15**
Almklov, Arne Alexander
Berentsen, Eyolf
Brakstad, Arild
Brusdal, Jan Egil
Djønne, Ketil
Halvorsen, Georg
Holmefjord, Roar
Hårvik, Kenneth
Knudsen, Rune
Knudsen, Tor
Larsen, Tommy
Lian, Johnny
Rosenlund. Ole Petter
Sivertsen, Espen Homstvedt

Skivenes, Kåre
Sælen, Bjørn Gunnar
Thunestveit, Kjell Arne
Trefall, Bjarne
Wæhle, Trond

Bildøy. Liv Marit
Birkeli, Linda Marit
Erstad, Merethe
Garnes, Jeanette
Hekland, Hege
Magnussen, Elisabeth
Sletten, Anne Gro
Vareberg, Anita

---

# Konfirmantar i Ytre Arna kyrkje

**SØNDAG 3. mai. kl. 10.00**
Angvik, Terje
Haugsvær, Ståle
Helgå, Christian Bergheim
Kalsås, Ole Morten
Knutsen, Roger
Lindseth, Cato
Litlekalsøy, Arild
McAuley, Brian Birger Sandvik
Midtun, Terje
Nilsen, Endre Sæther
Nævdal, Paal Arne
Rakland, Arne
Rolland, Ole Kristian
Strand, Cato
Waage, Tor

Angeltveit, Jannike
Bratli, Hildegunn
Havre, Hilde
Helgås, Merete
Iversen, Kjersti
Kleppe, Mary Kristin
Kvamstø, Kari
Markhus, Anne-Sofie

Schei, Mariann
Toskedal, Iren
Aadland, Elin Kristin
Aarland, Sunniva
Aasgaard, Kristin

**SØNDAG 3. mai kl. 12.00**
Angeltveit, Robin
Gaupås, Kenneth
Guttormsen, Ørjan
Heugland, Frode Berge
Haugland, Trond Hvidsten
Ibsen, Tor Christian
Koppen, Stig Ole
Kristensen, Stein-Egil
Landhaug, Sigurd Helland
Monclair, Espen
Olsen, Ørjan
Sylta, Jostein Kvamme
Borge, Isabell

**Framhald side 10**

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**

01.03: Marianne Urdal, Charlotte Haave, Arild Steinsund, Christer Johannessen, Jarle Teo Andersen.

22.02: Marius Ulveraker Bratland. Døypt i Birkeland kirke.

15.03: Silje Njaastad Mjelde, Line Syslak, Jeanette Hauge.

22.03: Therese Heggem. Døypt i Fridalen kirke.

22.03: Joakim Hope Soltveit. Døypt i Valen kapell.

29.03: Linda Andersen, Synnøve Mjeldheim Skaar.

**Ytre Arna sokn:**

15.03: Jon Sverre Åsheim.



## Vigde

**Arna sokn.**

07.03: Knut Bye Solheim og Anette Berg.

## Døde

**Ytre Arna sokn:**

11.03: Olga Ivarna Ballestad, f. 1896.

13.03: Frank Haugland, f. 1898.

20.03: Karl Hauge, f. 1893.

28.03: Anna Kristine Hauge, f. 1904.

**Arna sokn:**

10.03: Nils Kvamme, f. 1899

12.03: Marie Rønhovde, f. 1905, gravlagd frå Arna kyrkje.

13.03 Einar Monrad Larsen, f. 1914, gravlagd frå Arna kyrkje.

31.03: Ruth Kvassnes, f. 1907.

## Ofringar i kyrkjelydane

**Arna sokn**

| | | |
|---|---|---|
| 01.03: | Det norske Misjonsselskap | kr. 5330,- |
| 08.03: | Kyrkjelydsarbeidet | kr.1264,- |
| 15.03: | Institutt for sjelesorg | kr.1792,- |
| 22.03 | Kyrkjelydshuset | kr. 2623,- |
| 29.03 | Santalmisjonen | kr. 2886,- |

**Ytre Arna sokn**

| | | |
|---|---|---|
| 01.03: | Kristent arb. blant blinde | kr. 461,- |
| 08.03: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 605,- |
| 15.03: | Norges kr. stud. og skoleungdomslag | kr. 700,- |
| 22.03: | Kyrkjekoret | kr. 930,- |
| 29.03: | Korarbeid i kyrkja | kr. 1500,- |

**Framhald frå side 9**

Drægni, Liv
Eikefet, Irmelin
Eriksen, Anita
Furnes, Siren
Henriksen, Jannicke
Hjortland, Bente Holm
Kvassnes, Astri Jæger
Landøy, Bente
Løtveit, Bente
Mønstre, Linda
Prestegård, Anne Mette
Presthus, Anita
Presthus, Mette
Songstad, Anette
Steinset, Astrid Margrethe
Sårheim, Siv Janne

## Konfirmantar i Trengereid bedehuskapell

**SØNDAG 26. april. kl. 11.00**

Holdhus, Egon
Høyberg, Dagfinnn
Lie, Arild Knoph

Berentsen, Lene
Kjellesvik, Vibekke

**Søndag 31. mai**

Jan Ståle Olsen



**Kateketen har ordet**



*Erik Rodal*

## *En anledning til å vitne*

Mange er opp gjennom årene blitt spurt om å være gruppelerder i konfirmantarbeidet her i Arna. Og mange har tatt imot denne utfordringen og sagt ja til den.

Erfaringen som gruppeleder er sikkert forskjellig. Noen har vel sikkert opplevd det samme som mannen som gikk ned fra Jerusalem til Jeriko. Å falle blandt røvere.

Med hva det fører med seg av motløshet og hjelpeløshet. Andre har opplevd at konfirmantgruppemøtene har gitt dem mye.

Da jeg spurte årets konfirmantgruppeledere hva konfirmantgruppemøtene hadde gitt dem, var det mange som på forskjellig vis ga uttrykk for at for dem var konfirmangrupemøtene en anledning til å vitne om sin tro. En mulighet de så og si fikk opp i henda til å prate med unge mennesker om hva troen betød for dem.

Og det var nettopp denne anledningen de var mest glad for å ha fått. Og nettopp det synet som kommer til uttrykk gjennom dette, på hva det vil si å være en konfirmantgruppeleder, har jeg lyst til å målbære videre.

Fordi det er en hjelp til å forstå hva det er vi forventer av deg, når vi en dag kommer å spør om du vil være gruppeleder. For når vi spør noen om å være konfirmantgruppeleder spør vi ikke fordi vi trenger en slags ekstra konfirmantlærer.

Men vi spør fordi vi trenge et menneske som er villig til å stå fram å si: «Jeg tror på Jesus».

Vi spør deg: Er du villig til å vitne om din tro for konfirmantene våre. Er du villig til å gi konfirmantene en anledning til å møte et kristent menneske som vil sette seg ned å prate med dem. Gi dem en anledning til å komme inn i et kristent hjem.

For det er nettopp det som er siktemålet med konfirmantgruppemøtene. At konfirmantene skal få anledning til å møte et vanlig kristent menneske og få anledning til å prate med vedkommende. Og at du skal få en anledning til å vokse som kristen. Så håper je da at dette kan gi deg frimodighet til å si ja til det å være konfirmantgruppeleder.

## Guds omsorg set ikkje grenser for HIV-smitta

(KPK) — Vi må ikkje sjå på HIV smitta og menneske med Aids som spedalske og skuve dei frå oss. Dei har krav på å bli møtt med respekt, og vi må ikkje sette grenser for Guds omsorg.

Det er pastor Oddvar Søvik i Frikyrkja i Kristiansand som seier dette. Han held fram:

— Det må ikkje berre bli med fine ord om nestekjærleik, men vi må verkeleg vise omsorg når vi møter mennesker som er smitta. Det har vore altfor mykje hysteri kring AIDS. Det er ingen smittefåre ved vanleg omgang med menneske. HIV-viruste blir spreidd berre gjennom blod og sæd.

Søvik understrekar at vi har ingen rett til å døme menneske som er smitta av HIV-viruset, sjølv om det kan ha skjedd som ei følgje av brot på Guds bod. — Det er ikkje dermed sagt at vi skal glatte over synda og late som om ingen ting har hendt. Vi skal kalla ein spade for ein spade, men samstundes må vi fortelje at det finst tilgjeving for det som er skjedd. Jesus sjølv lærer oss å skilje mellom synda og syndaren. Gjer vi ikkje det, kan vi kome til å støyte menneske frå oss, seier Søvik.

# MØTE

**Betania, Lone**
17.5: Fest v/BUF
21.5: Nattverdmøte.
28.5: Venestemne.
31.5: YA-stemne.

**Arna bedehus**
10.5 Møte v/Oddmund Tverranger.
17.5: Fest.
24.5: Møte v/Harald Sundsbø.
31.5: Møte.

**Ytre Arna bedehus**
17.5: Fest.

**Haugland bedehus**
17.5: Fest.

# Ny Sjømannskyrkje utan kostnader i Kobe

(KPK) Den Norske sjømannsmisjon skal få nye lokaler i Kobe i Japan. Det noverande kyrkjebygget skal rivast for å gje plass til eit nytt bygg på elleve etasjer. Tre etasjer skal disponerast av Sjømannsmisjonen. Dei resterande skal brukast til hotell. Nybygget skal etter planen vera ferdig sommaren 1988, melder Bud og Hilsen.

Nybygget i Kobe blir reist i samarbeid med Japans største entreprenør— og eigendomsutviklingsselskap. Taisei Corporation. Det er Sjømannsmisjonen som eig tomta. Ein makeskifte med Taisei Corporation gir Sjømannsmisjonen nye lokaler utan at det kostar organisasjonen ei einaste krone. Sjømannsmisjonen blir sjølveigar til ein tredel av tomta og nybygget. I byggeperioden stiller Taisei Corporation lokaler gratis til disposisjon for Sjømannskyrkja.



# ANGREKNAPP

AV: Hans Jørgen Wennesland

Det er ei kjempestor misforståing når enkelte kallar parkeringsvaktene og heile Trafikksjefens etat for en pest og ei plage for folk flest. I sneversynt frustrasjon over at dei må punge ut med nokre devaluerte hundrelappar, gløymer dei at nettopp desse folka har gjort tidene si største oppfinning tilgjengeleg for oss alle. Eg tenkjer sjølvsagt på angreknappen.

Du finn den på alle parkeringsautomatar, og den virkar slik at dersom du har lagt pengar på automaten og plutseleg kjem på at det skulle du ikkje har gjort, kan du berre trykke på angreknappen. Så skjer underet: Du får pengane attende! Det du har gjort, blir med eitt ugjort. Fantastisk!

Det har slått meg at det burde vere mogeleg å utvida bruksområdet for angreknappen til også å omfatta f.eks. baktaling, utruskap, skattesnyteri eller juks. Tenk deg at du har fuska på ein avgjerande eksamen, og etterpå får samvitskvaler. Da går du berre bort til angreknappen som er montert på utsida av skulen eller universitetet, trykker fast og bestemt, vips, kjem det ut blanke ark og fargestifter gjennom ei luke på veggen. Genialt, kva?

Imidlertid er det noko som seier meg at det er skilnad på parkeringsavgift og menneskeliv. Det som er gjort, er gjort. Det som er tapt, er tapt. Og konsekvensane må vi alltid bera. Men det finst ein «angreknapp» for menneskeliv som viskar ut skulda. Overfor Gud. Og det er ganske avgjerande. Du finn den om du blar langt bak i Det nye testamentet. Finn fram 1. Johannes brev. Slå opp første kapittel. Sei det gale du har gjort, og som du angrar på. Set fingeren på vers ni, trykk og les: «Men dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all synd.»

**(Frå Credo)**

ARNA TEN-SING:

# Friskt ungdomsmiljø med plass til fleire



Vet du hva Arna Ten-Sing er? Hvis ikke bør du lese resten av dette stykket. Og om du vet det kan du lese det likevel, for kanskje oppdager du noen du ikke visste. Det er nemlig godt mulig, for vi har funnet på mye nytt i det siste.

Jeg får begynne med det viktigste: Arna Ten-Sing er et kristent ungdomskor, som har medlemmer fra og med 7. klasse. Vi holder til i Arna kyrkje, og der øver vi hver torsdag fra kl. 18.45-21.30. Det virker kanskje som en urimelig land øvingstid, og det hadde det vel også vært hvis vi hadde øvd hele tiden. Men det gjør vi ikke. Omtrent halvveis i øvingen bryter vi av og har en andakt og så har vi en liten pause før vi starter igjen. En gang i måneden utvider vi andakten til en bibeltime, hvor vi tar opp emner som Ten-Singerne lurer på. Og ikke nok med det, en gang i måneden (som regel 14 dager etter bibeltimen) har vi felles kvalds etter andakten. Da sitter vi stort sett og småprater i lag og «dyrker det sosiale fellesskap.»

Dette var vel i korte trekk torsdagene våre, men en får jo ikke den helt store kondisen av å stå rett-opp-og-ned og synge. Derfor har vi noe vi kaller Ten-Sing trimmen. Den er hver lørdag i gymsalen på garnes Ungdomsskule, mellom kl. 14.15-16.30. Der gjør vi på det som måtte falle oss inn av sportslige aktiviteter. Volleyball, forball, innebandy osv. Noen kjempekondis er ikke nødvendig, vi samles mest for å ha det gøy ilag. Også på disse samlingene lurer vi av og til inn litt av både fysisk og åndelig føde. Vi har noe vi kaller Trim/Tema/Middag. Da samles vi etter trimmen til felles middag og etter den har vi en bibeltime med påfølgende diskusjoner over et aktuelt tema.

Andre faste innslag i et Ten-Sing år er weekend høst og vår. Nå i høst var vi i Stavanger og besøkte ungdomskoret «Crecendo». Det var en kjempefin helg med mye morro og fart. Men en trenger ikke reise vekk for å ha weekend. Utenom våre årlige to turer, har Ten-Sing et månedlig program i Arna Nærradio, der vi spiller moderne kristen musikk.

Dette var kort om det Arna Ten-Sing driver meg. Nei, det er ting helt til slutt, men den er til gjengjeld viktig. Det er vårt utstyr — eller det som skal bli vårt nye utstyr. Men til det trenger vi penger. Derfor tar vi jobber rundt om. f.eks. utvasking, opprydding og diverse annet arbeid. Så har du noe vi kan gjøre, så ta kontakt med Arna Ten-Sing.

# KONFIRMANTAR KJØPER MULDYR



**Her ser vi dei som hadde ansvaret for å organisera lotteriet og skaffa gevinstar: Frå v. Espen Monclair, Siren Furnes, Arne Rakland, Jannice Henriksen, Bente Løtveit, Anita Eriksen og Ørjan Olsen.**

I samband med avslutninga av konfirmanttida hadde alle konfirmantane i Ytre Arna som tenesteoppgåve å samla inn penger til kjøp av muldyr i Bhutan. Innsamlinga vart gjort ved eit lotteri, og dyra skal brukast til å frakta medisiner fram til ein svært avsides helsestasjon som Den Norske Santalmisjon driv i Kangpara i i Buthan. For å koma dit må ein gå 8-10 timer til fots, og dette er einaste helsetilbodet dei har. I tillegg er halvparten av dei som bur der, spedalske.

Målet er å samla inn ca. kr. 6000,-, og det vil vere nok til å kjøpa 2 muldyr.

## Ryggsekktur til Israel

(KPK) 70 unge på seks grupper reiser komande sommar til Israel i regi av Den Norske Israelmisjon. Turane er såkalla «ryggsekkturar» der dyre hotell blir byta ut med ungdomsherberge og telt. — Vi satsar billig, men innhaldsrikt, seier markedssekretær Arnfred Antonsen til Misjonsbladet for Israel. — Vi vonar desse turane kan vere med å vekkje ungdom til ansvar for det jødiske folket, både når det gjeld misjon, og for å hindra antisemittisme, seier Antonsen.


BLOMSTER
til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.
24 25 95
a.s. Sarepta
5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland
5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96





Solstrands
Blomsterforretning
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
Solstrand
Begravelsesbyrå
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN
Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.
VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

Kranser
Bårebuketter
Espeland Gartneri
5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866
SPAREBANKEN VEST
AVDELING ARNA
— til bygdefolket sitt beste

DU KAN LEIE
HENGERE
HOS OSS!
Vi har hengere for
Bil-båt og
varetransport
NOROL
ARNATVEIT
AUTO SENTER
TLF. 24 07 40
Utlevering også fra Blomsterdalen ved J. B. Myklestad.

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.
ARNA ELKJØP A/S
Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

# *Velkomen til kyrkje*

**Mai 01.** **Ytre Arna kl. 10.00** Fam. gudsteneste v/Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.

**Mai 03.** **Arna kl. 10.00** Konfirmasjon v/Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
**Arna kl. 12.15.** Konfirmasjon v/sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
**Ytre Arna kl. 10.00.** Konfirmasjon v/Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 12.00.** Konfirmasjon v/Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Mai 08.** **Arna kl. 20.00** Konsert v/Gunnstein Draugedalen.

**Mai 10.** **Arna kl. 10.00** Konfirmasjon v/Res.kap. Sundsbø og kateket Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
**Arna kl. 12.15** Konfirmasjon v/Res.kap. Sundsbø og kateket Rodal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Mai 17.** **Arna kl. 11.00** Festgudsteneste v/Soknrprestr Øy. takkoffer til Søndagsskulen i Arna.
**Ytre Arna kl. 10.00** Familiegudsteneste v/Res.kap. Sundsbø.
**Trengereid kl. 11.30.** Familiegudsteneste v/Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Arna Søndagsskulelag.

**Mai 24.** **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Dei fire diakoniinstitusjonane. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.
**Ytre Arna kl. 11.00** Sokneprest Øy. Takkoffer til Blå kors. Kyrkjekaffi.

**Mai 28.** **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Israelmisjonen.

**Mai 31.** **Arna kl. 11.00.** Redaktør Finn Jarle Sæle. Takkoffer til Kyrkjel.huset.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Res.kap Sundsbø. Takkoffer til Bispedømerådets familierådgivingskontor. 60-årskonfirmantane. Gudsteneste for eldre.

**Juni 07.** **Ytre Arna kl. 11.00.** Høgtidsgudsteneste v/Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
**Arna kl. 11.00** Høgtidsgudsteneste v/Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
**Trengereid kl. 18.00** Høgtidsgudsteneste v/Res.kap. Sundsbø.

**Juni 08.** **Arna kl. 11.00** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Norsk Diakonihøgsskule. Sundagsskule.


**ARNA PRESTEGJELD**

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf.24 85 46.
**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.



**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Ingvar Hageberg, Laila Ueland.
**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.
**Bladpengar:** kr. 30,-. adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

**Frist for innlevering av stoff til nr. 5: 10. mai.**